

# Årsrapport

STUDENTOMBODET VED NHH



2017



# **INNHOLD**

<b>1. OM STUDENTOMBODET</b>	<b>1</b>
<b>2. SAMARBEID</b>	<b>2</b>
<b>3. KOMMUNIKASJONSARBEID</b>	<b>3</b>
<b>4. SAKER</b>	<b>3</b>
<b>5. SÆRSKILD OM TRAKASSERING</b>	<b>6</b>
<b>6. UTFORDRINGAR</b>	<b>7</b>

## 1. OM STUDENTOMBODET

Noregs Handelshøgskole (NHH) har hatt studentombod sidan 1. januar 2016. Ordninga er pr. i dag ikkje lovpålagd<sup>1</sup>, men det er studentombod ved totalt 10 institusjonar og det er forventa at fleire kjem til å tilsetja studentombod ila. tida som kjem.

Sidan oppstarten er det Sigbjørn Råsberg som har vore studentombod ved NHH. NHH er den minste av institusjonane i Noreg med studentombod. Som ein følgje av at NHH er ein relativt liten institusjon inngår rolla som studentombod som éi av fleire oppgåver i stillinga til den som ikler rolla. Oppgåvene er estimert til inntil 30 % av stillinga. Dei resterande 70 prosentane av stillinga knyter seg til anna juridisk arbeid, då hovudsakleg knytt til anskaffingar, kontraktar og juridiske vurderingar. Av omsyn til uavhengigheit er det likevel eit klart skilje mellom rolla som studentombod og dei andre oppgåvene som vert gjort av Råsberg som ein del av staben på NHH. Den resterande delen av stillinga vert i all hovudsak fylt av oppgåver knytt til anskaffingar og juridisk rådgjeving i forretningsjuridiske spørsmål.

Studentombodet er jurist og yter uavhengig juridisk rådgjeving til studentar i studentsaker. Tenestene studentombodet yter er eit supplement, og ikkje eit alternativ, til rådgjevingstenestene, studieadministrasjonen si rettleiingsplikt etc.

I uavhengigheita ligg det at studentombodet har teieplikt overfor andre, inkludert fagstab, administrasjon, leiing, studentar etc. Vidare skal studentombodet sjå på kva som er rett, ikkje isolert kva studenten ynskjer å oppnå. Studentombodet si rolle vil naturleg vera meir sentral i saker der studenten ikkje har krav på eller er representert med advokat, enn i saker der studenten har slik juridisk hjelp. Det er likevel grunn til å understreka at det ikkje ligg til studentombodet si uavhengige rolle å fungera som studenten sin advokat. I dette ligg det òg ei plikt til å realitetsorientera studentar som ikkje har ei sak. Studentombodet skal vera ein nøytral støttespelar som hjelper studenten til å fremja saka si på ein best mogleg måte og gjera prosessen studenten står i meir føreseieleg og oversiktleg. I dette ligg det òg indirekte ei kvalitetssikring av vedtak og prosessar gjort av NHH.

Studentombodet har frå og med siste halvår av 2017 vore observatør i læringsmiljøutvalet (LMU).

---

<sup>1</sup> Stortinget vedtok i Innst. 122 S (2017–2018) å be regjeringa om å koma attende til Stortinget med eit forslag til lovendring som pålegg alle høgare utdanningsinstitusjonar å etablera studentombod.

## 2. SAMARBEID

Samarbeid med andre er problematisk når studentombodet samstundes skal vera uavhengig og oppretthalda teieplikta. I ein del tilfelle vil det likevel vera tenleg å samarbeida med andre

for å nå eit best mogleg resultat. I saker der kontakt med studenten er oppretta vil dette kunne løysast med å innhenta eit samtykkje frå vedkommande.

Tilsvarande er det gagneleg og nyttig at dei som kjem i kontakt med studentar i fyrsteline gjev informasjon om studentombodsordninga og vidareformidlar kontaktinformasjon. Det at studieadministrativ avdeling informerer aktuelle studentar om at dei kan søkja råd og hjelp hjå studentombodet bidreg til at studentar vert



Bilete 1: Studentomboda i Noreg samla i Bergen.

merksame på ordninga. Studieadministrasjonen er ein verdifull kanal for å marknadsføra studentombodet. Det er eit godt samarbeid mellom aktørane og studentombodet har inntrykk av at begge partar ser nytten av dialog med kvarandre.

Der dette let seg gjera utan å koma i direkte konflikt har studentombodet gjeve råd til studieadministrasjonen om korleis ei sak bør handsamast for å sikra ei best mogleg handtering. Eit konkret døme på dette er samarbeidet knyter seg til korleis saker om seksuell trakassering skal handsamast. Dette er omtala nærmere under punkt 5 i rapporten.

Studentombodet har vidare halde kontakt med NHHS og nytta deira kanalar for å nå ut til studentar. Kontakten med NHHS har òg blitt nytta for å fanga opp eventuelle vibrasjoner, trendar etc., noko som er nyttig med tanke på korleis arbeidet skal innrettast.

Det mest omfattande samarbeidet i 2017 har vore med andre studentombod, og då særskild det norske nettverket. Dei norske studentomboda held løpende kontakt digitalt og har eit mål om å møtast to gonger årleg til nasjonale nettverkssamlingar der aktuelle problemstillingar vert tekne opp saman med kompetanseheving, kunnskapsoverføring etc. I 2017 har det vore éi samling. Denne vart arrangert i Bergen og gjekk over to dagar.

Vidare har studentombodet ved NHH delteke på den europeisk nettverkssamling i Strasbourg i regi av European Network of Ombudsmen in Higher Education (ENOHE) og den

skandinaviske nettverkssamlinga som i 2017 vart arrangert i Stockholm. I Noreg er ordninga med studentombod relativt ny og det første studentombodet vart tilsett i 2013. I ein del andre land er derimot studentombodsordninga vel etablert. Samlingar med kollegaar frå andre land vert difor sett på som særstakt nyttig, både reint fagleg og for å byggja nettverk.

I 2018 blir den skandinaviske samlinga halden i Bergen i regi av dei tre studentomboda i Bergen.

### **3. KOMMUNIKASJONSARBEID**

Som følgje av at NHH er lokalisert på eitt campus og at stillingsbrøken utgjer ein mindre del av stillinga, har arbeidet med kommunikasjon retta mot studentane vore sporadisk. Bakgrunnen for dette er at det er lettare å nå ut til ei konsentrert og relativt homogen studentmasse, samanlikna med kva som er tilfelle på andre institusjonar i Noreg med mange studieretningar og -stadar.

Som det er gjort greie for over er det gjort ein innsats for å sikra informasjonsspreiing gjennom NHH si fyrstelinje mot studentar og NHHS. Basert på tilfanget av saker samanlikna med andre institusjonar, har dette fungert bra. Truleg kan det tette miljøet på campus ta mykje av æra for dette.

Vidare har studentombodet ila. 2017 produsert aktuelle studentrelaterte blogginnlegg som er publisert på NHH sin studentblogg. Studentombodet har ikkje eigne kanalar i sosiale mediar, men brukar heller andre aktuelle kanalar på Facebook og på digital læringsplattform.


Studentombodet har i tillegg til det som allereie er nemnt i 2017 òg vore gjest på NHH sin Snapchat-konto, publisert ein video om kva studentombudet er og gjer, kommentert saker i studentmedia, skrive lesarinnlegg i Chrono med meir. Vidare har det blitt gitt høyringsfråsegn i samband med arbeid utført av NSO og forslag til endringar i Universitets- og høgskulelova (uhl.).

### **4. SAKER**

Det vert ført statistikk over saker som kjem inn til studentombodet som krev meir sakshandsaming enn berre ei rask avklaring eller som kan visast vidare til annan og rett instans. Sakene vert òg arkiverte i NHH sitt arkivsystem, skjerma og det er berre studentombodet og arkivsjef som har tilgang til sakene. Namn og anna som er eigna til å identifisera studenten vert i tillegg til sjølve innhaldet skjerma og kjem slik ikkje på postjournalen.

Studentombodet hjelpte i 2017 totalt 50 studentar fordelt over 39 saker. Då studentombodet ikkje har tilgang til vedtaka som vert gjort av NHH sin administrasjon eller

klagenemnda er det ikkje mogleg å seia noko om i kva omfang studentane får medhald etter å ha vore i kontakt med studentombodet. Dette vil likevel ikkje vera eit særleg godt parameter, då det ligg i rolla som uavhengig tredjepart å òg realitetsorientera studentar. Vidare er det på det reine at det å styrka studenten si sak ikkje nødvendigvis vil vera tilstrekkeleg til å få medhald i ei klage.



Tabell 1: Oversikt over talet saker pr. sakstype

Tabellen over viser seks kategoriar der fire inneheld fleire sakstypar. Kategorien «eksamen» inkluderer saker knytt til tilrettelegging, eksamensforsøk og formell feil på eksamen, medan kategorien «opptak» inkluderer saker knytt til mellom anna overgang mellom bachelor og master, opptak til utanlandsopphold og innpassing av kurs. Saker under «studierelatert» knyter seg til sakshandsamingsfeil, studierett og permisjon. Under sekkeposten «anna» finn ein saker knytt til mellom anna meldingar frå studentar om uheldige konsekvensar av praksis og rutinar, därleg forvaltingsskikk etc.

Det er per i dag ikkje nokon standard for korleis studentomboda i Noreg fører statistikk over saker. På bakgrunn av dette er det ikkje mogleg å gjera konkrete samanlikningar opp mot andre institusjonar når det kjem til sakstypar, tilfang etc. Ulikskapen mellom institusjonane gjer det òg vanskeleg, då det er visse sakstypar som er meir aktuelle andre stader. Eit døme på dette er høgskular og universitet med helse- og undervisningsretta utdanningar med praksis der det vert gjort skikkavurderingar, noko som ikkje er aktuelt på NHH. Tilsvarande er det heller ikkje krav til vandel på NHH, slik det er i ein del studium på andre institusjonar. Ei direkte samanlikning opp mot andre institusjonar er slik ikkje tenleg.

Basert på statistikk frå andre studentombod sine årsrapportar er det likevel ikkje noko som tilseier at tilfanget av saker skil seg nemneverdig på NHH samanlikna med andre institusjonar, justert for talet på studentar.

Under punkt 6 «Utfordringar» vil det bli gått nærmere inn på konkrete område NHH vert tilrådd å sjå nærmere på for å vurdera om det bør gjerast endringar. For å gje eit inntrykk av kva saker som kjem til studentombodet vil det her bli gitt tre anonymiserte døme:

**Døme 1:**

*Ein student opplevde at rettleiaren på masteroppgåva ikkje møtte som avtalt, ikkje gav tilbakemeldingar til rett tid etc. Studenten vart gjort merksam på at det var mogleg å byta rettleiar og tilbydd at studentombodet kunne gå til vedkomande sin overordna, men at det var vanskeleg å gå vidare med saka utan å namngje den aktuelle rettleiaren. Som følgje av frykt for represaliar ynskja studenten ikkje at det vart gått vidare med namnet på rettleiaren før sensur var over. Då sensur låg føre var studenten ferdig på NHH og ynskja ikkje gå vidare med saka spesifikt. Studenten gav likevel uttrykk for at studentombodet skulle ta saka vidare på meir generelt nivå.*

**Studentombodet si vurdering:**

I denne typen saker er det eit særskild avhengigforhold mellom studentar og rettleiar som gjer det vanskeleg for studentar å ta sakene vidare. Risikoen med at dette heller ikkje kjem fram seinare som følgje av at studenten er på slutten av studiet gjer at det er fare for at det ikkje vert varsle vidare, sjølv om mangelen knyter seg til det største arbeidet studentane gjer ila. studiet. Dette gjer at NHH må følgja opp rettleiarane tettare og sikra at dei har tilstrekkeleg kapasitet til å rettleia i tillegg til vilje og kompetanse.

**Døme 2:**

*Studenten vart nekta å gå opp til eksamen i eit kurs berre 2,5 veke før eksamen. Dette vart grunngjeve med at studenten ikkje oppfylte kravet til forkunnskap, då kurset bygde på eit anna kurs som studenten etter planen skulle ta parallelt og meldt seg opp til. Studenten hadde fram til dette tidspunktet følgd undervisninga som normalt, førebudd seg til eksamen og førelesar hadde på ei førelesing eksplisitt spurt om det var nokon som tok dei to kursa parallelt. Dette skjedde på ein slik måte at det vart signalisert at det var heilt normalt og uproblematisk. Etter å ha klaga fekk studenten høve til å gå opp til eksamen i begge kursa.*

**Studentombodet si vurdering:**

Saka er eit døme på at administrasjonen har freista å retta opp ein feil som vart gjort i samband med at studenten vart meldt opp til valfag. Kursskildringa sa at studentar til dette kurset måtte ha gjennomført det første kurset for å kunne ta dette kurset. Når studenten var meldt opp til kurset og hadde følgd ordinær undervisning, trass i at vedkomande ikkje hadde hatt det første kurset, er det etter studentombodet si mening NHH som er nærmast å ta ansvaret for at feilen ikkje vart oppdagad tidlegare.

Når ein student vert nekta å gå opp til eksamen verkar dette inn på progresjonen og får slik potensielt store konsekvensar for ein student. Samstundes er krav om forkunnskap til for å sikra at studentane har tilstrekkeleg fagleg nivå til å følgja undervisninga. Risikoen NHH berer ved å lata studentar i ein slik situasjon gå opp til eksamen er i verste fall at dei stryker, noko som gjer at det ikkje går ut over den

fagleg kvaliteten på kandidatane som går ut frå NHH. Følgjene er slik langt større for studenten enn for NHH. Når NHH gjennomfører kontroll av om studentar oppfyller krava til forkunnskapar må denne typen kontrollar skje heilt innleiingsvis i semesteret for å minimera konsekvensane dette får for studentane. Vidare syner dette døme at det ikkje alltid er samsvar mellom det som står i kursskildringa og måten kursansvarleg og/eller andre resursar i kurset tilnærmar seg kurset i praksis.

**Døme 3:**

*Ein student hadde mistanke om at medlemmar i gruppa studenten var plassert i plagierte andre sitt arbeid og tok det inn som ein del av gruppa sitt felles produkt. Studenten var ikkje komfortabel med det dei andre i gruppa ville levera inn og frykta dette kunne føra til saksjonar i form av utestenging etc. og tok kontakt med studentombodet for å rádføra seg. Studenten opplevde situasjonen som tyngjande, då vedkommande ikkje kunne prata med nokon om kva alternativ som låg føre, då temaet juks og plagiat vart oppfatta som sensitivt.*

*Studentombodet klargjorde grensene for kva som er juks, konsekvensane av å verte teken for juks og tilbydde seg å ta kontakt med kursansvarleg og leggja fram uroameldinga utan å identifisera studenten. Studenten valte å trekka seg frå faget.*

**Studentombodet si vurdering:**

I denne typen saker er det vanskeleg å finna ei løysing som er tilstrekkeleg god til å kunne ivareta studenten sine interesser, forhindra juks og samstundes sikra fagleg kvalitet. Studentar som vert tekne for juks risikerer inntil eitt års utestenging, samstundes som at utgangspunktet for juks på gruppeeksamen er at heile gruppa vert identifisert med innhaldet i oppgåva.

På NHH er det ei rekke kurs som legg opp til gruppeinnleveringar og ofte er gruppene sett saman av NHH. Dette har mange fordelar både når det kjem til samarbeid i praksis og sosialt for personar utan særleg nettverk på studiet.

Utfordringa er at studentar kan verta sanksjonerte som følgje av at dei har stola på ein med-student dei er peika ut til å jobba med, eller som i dette tilfellet at dei trekkjer seg grunna risikoen. Dei alvorlege følgjene dette får for studentane stiller strenge krav til NHH når det kjem til å ha exit-moglegheiter for studentar som opplever at samarbeidet ikkje fungerer, synleggjera desse og understreka gruppemedlemmane sitt ansvar for felles innsats, resultat og etikk.

## 5. SÆRSKILD OM TRAKASSERING

Seksuell trakassering har fekk mykje merksemrd i andre halvdel av 2017, og delar av mediemerksemda knyter seg til saker som spring ut frå universitets- og høgskulesektoren. Som ein følgje av dette tok studentombodet i starten av haustsemesteret 2017 initiativ til å saman med studieadministrativ avdeling gå gjennom rutinane for korleis NHH handsamar denne typen saker og sikra tilgjengeleg informasjon på NHH sine nettsider knytt til korleis studentar skal gå fram viss dei opplever trakassering frå studentar eller tilsette.

Studentombodet har vore i tett kontakt med leiinga knytt til korleis saker bør handsamast og korleis ein sikrar rettstryggleiken til alle partar i denne typen saker. Studentombodet har vorte invitert med på møte med studentar i denne typen saker.

NHH opplyser i dag på nettsider, informasjonsmøte, informasjonsepostar etc. at studentar kan ta kontakt med studentombodet i denne typen saker. Vidare vert dette særskild opplyst til studentar som er involverte i konkrete saker om kjem opp. Studentombodet opplever at det vert jobba godt med denne problematikken på NHH både når det kjem til preventivt og måten konkrete saker vert handsama på.

I løpet av 2017 er det ingen studentar som har teke kontakt direkte med studentombodet om saker som gjeld seksuell trakassering eller andre formar for trakassering. Det er likevel på det reine at det har kome inn saker av denne karakteren gjennom andre kanalar. Det er vidare grunn til å tru at det er mørketal. I Tilfredshetsundersøkelsen frå 2017 meldte 4,9 % av dei kvinnelege studentane og 0,25 % av dei mannlige studentane at dei hadde blitt utsette for seksuell trakassering. Dette samsvarar med ei anna undersøking hausten 2017 frå tre universitet og to høgskular som viste at 1 % av studentane meinte dei hadde blitt utsett for seksuell trakassering frå tilsette og 8 % frå med-studentar.<sup>2</sup> Det er difor avgjerande at studentane vert oppmoda om å varsle om saker og at det vert jobba systematisk frå NHH si side òg etter at media sitt søkjelys forsvinn.

I denne typen saker ligg det til studentombodet si rolle som ein nøytral tredjepart at alle partar kan søkja råd og rettleiing. Studentombodet ynskjer difor på generelt grunnlag å understreka viktigheita av at alle partar i ei varslingsak vert handsama på ein måte som sikrar rettstryggleiken deira og at dette òg inkluderer dei som vert skulda for trakassering.

## **6. UTFORDRINGAR**

Som det er gjort greie for over har studentombodet gjennom 2017 handsama ei rekke ulike saker. Nokre saker er i direkte strid med gjeldande regelverk, medan andre ikkje i seg sjølv er i strid med lov eller forskrift, men likevel problematiske sidan det får uheldige konsekvensar for studentane. Vidare er ein del saker därleg eigna for konkret handsaming, då det er ein føresetnad at studenten er viljig til å køyra saka eller at saka er av ein slik karakter at ho er krevjande for studenten å ta opent.

Under vert det trekt fram nokre døme på forhold som studentombodet har sett på som problematiske i 2017. Nokre av desse forholda er det teke tak i og er forhold studieadministrativ avdeling sjølv har sett som utfordrande. Studentombodet ynskjer likevel å peika på desse forholda, då dei har vore problematiske i året som har gått og slik viser utfordringar ein har stått overfor i løpet av året.

<sup>2</sup> <http://pahoyden.no/2017/10/skremmende-tall-om-seksuell-trakassering>

## Forskrifter

Universitets- og høgskulelova gjev NHH mynde til å vedta eigne forskrifter innanfor dei rammene som kjem av lova. I 2017 har NHH hatt elleve slik forskrifter. Studentombodet har vore uroa for fleire tilhøve knytt til desse.

I 2017 har det berre vore eit fåtal av forskriftene som har hatt oppdaterte publiseringar i Norsk Lovtidend slik kravet etter forvaltningslova (fvl.) § 38 er. Dette gjer likevel ikkje forskriftene har voreugyldige, då unntaket i fvl. § 39 truleg må seiast å gjera seg gjeldande så lengje det er publisert på nettsidene til NHH og NHH krev at studentane set seg inn i forskriftene. Det er likevel særstakt uheldig at hovudregelen om publisering ikkje har vore følgt og at forskriftene som ligg på Lovdata ikkje har vore oppdaterte. Studentombodet er kjend med at dette tidlegare har ført til rettsvillfaring.

Vidare ser studentombodet alvorleg på at det i 2017 har vore ei rekke forskrifter som er delvis utdaterte og at det har utvikla seg praksis som ikkje er i samsvar med det som kjem av forskriftene. Konsekvensen av det siste kan vera at studentar som ville fått medhald på ein søknad om til dømes forlengja studierett eller permisjon vel å ikkje søkja, då det har utvikla seg ein praksis som ikkje vert spegla i forskriftene. Mellom anna er det naudsynt å klargjera mellom anna kva føringar som gjeld for studentar med kronisk eller langvarig sjukdom utan sikre utsikter til umiddelbar betring.

Forskriftene har heller ikkje teke høgde for organisasjonsendringane som har skjedd på NHH i 2017. Dette gjev seg utslag mellom anna i at både BØA- og MØA-forskrifta refererer til programutvalet og studiehandboka, noko som ikkje lenger eksisterer. Slik NHH ser det burde denne typen endringar vore på plass i det endra organisasjonsform tok til å gjelda.

Studentombodet ser òg grunn til å peika på eksamensforskrifta § 18 femte ledd, som stiller krav om at heile gruppa må stilla seg bak ei klage på karakteren i gruppeinnleveringar. Studentombodet er kjend med at KD har gitt uttrykk for at det er opp til institusjonane å sjølv ta stilling til om det skal vera ein individuell klagerett i samband med gruppeeksamen. Studentombodet er likevel av den oppfatning at det er uheldig å avvika det allmenne utgangspunktet i fvl. § 28 som gir individuell klagerett til part i einskildvedtak. Det er vidare verdt å merkja seg at KD i Prop. 64 L (2017-2018) har føresleger å lovfesta individuell klagerett på gruppeeksamen og har mellom anna grunngjeve dette med studentane sin rettstryggleik og prinsippet om individuell klagerett i fvl. § 28.

Vidare har studentombodet kome over at det vert gjennomført munnlege gruppeeksamenar på NHH. Studentombodet legg til grunn at det er gode faglege grunnar for ei slik organisering av eksamen, men ser grunn til å varsle om at dette er ei eksamensform som ikkje inngår i oversikta over tillatne eksamensformer etter eksamensforskrifta § 5 andre ledd første alternativ, jf. tredje ledd.

Studentombodet er kjend med at det hausten 2017 vart sett i gong eit arbeid med å utarbeida ei ny forskrift som skal erstatta fleire av dei eksisterande forskriftene og at denne

er planlagt lagt fram for styret sommaren 2018. Studentombodet ser særstakt positivt på dette og legg til grunn at manglane knytt til forskriftene fra 2017 vil verha avhjelpe i 2018, men ser det likevel som naudsynt å peika på utfordringane gjeldande forskrifter i 2017 har bydd på.

#### *Tilgang til advokat*

Universitets- og høgskulelova § 4-8 femte ledd slår fast at kandidatar som risikerer utestenging, typisk som følgje av juks, har krav på advokat dekka av NHH frå «sak [...] er reist». Ordlyden gir her ei viss grad av skjønn knytt til når retten trer inn. I praksis inneberer dette eit spørsmål om retten til å få dekka advokatkostnadane trer inn frå saka er meldt inn, frå det er truleg at ho kjem opp for klagenemnda, når det er bestemt ho skal opp for klagenemnda, når ho er sendt over til klagenemnda etc.

Slik studentombodet ser det vil det avgjerande måtte vera at skjeringstidspunktet vert sett slik at det sikrar at advokaten kjem inn på eit tidspunkt som gjer at det ikkje er for seint å verka inn på saksførebuinga.

Årsrapporten til Felles klagenemnd for 2016 er klar på at retten til advokat dekka av institusjonen ikkje har slått inn i ein innleiande prosess der føremålet er å kartleggja faktum i saka.<sup>3</sup> På NHH har tidspunktet for når «sak [...] er reist» vore noko uklart, men til dels blitt tolka i retning av at saka må vera sendt over til klagenemnda for handsaming for at retten til å få dekka advokatkostnadane trer inn.

Studentombodet ser på ein slik praksis som problematisk sidan all saksførebuing og utarbeiding av sakpapira i slike saker på NHH skjer før saka vert sendt til klagenemnda. Vidare er tida frå saka vert sendt til klagenemnda til ho vert handsama i praksis så kort at det ikkje inneberer nokon realitet for advokaten å kunne setja seg inn i saka, med mindre handsaming av saka vert kravd utsett. Advokaten vil slik ikkje kunne ha nokon innverknad på saksførebuinga. Ei slik ordning er lite gagneleg, då det kan føra til at avgjerande informasjon først kjem fram når saka er ferdig førebudd og klart til handsaming, saka vert utsett til neste møte eller at saksframstillinga vert lite strukturert som følgje av suppleringar frå studenten sin advokat grunna manglande involvering før saksframlegget vart utforma.

Dagens praksis skuldast truleg at det har blitt sett til korleis andre institusjonar praktiserer tilgangen til betalt advokat. Studentombodet er likevel kjend med at ein ikkje uvesentleg del av saksførebuinga på andre institusjonar skjer hjå klagenemndssekretariatet. Mellom anna er dette tilfelle på HVL og UiB. Under ei slik organisering vil oversending til klagenemnda vera eit naturleg skjeringstidspunkt, men så lengje dette ikkje er tilfelle på NHH vil tilgangen til advokat dekka av NHH ikkje vera reell når han først trer inn på det tidspunktet saka er ferdig førebudd og sendt til handsaming av klageorganet.

---

<sup>3</sup> Årsrapport for Felles klagenemnd 2016 s. 26 - «I mange tilfeller innkaller institusjonen studenten til et møte, før det er besluttet om saken skal oversendes til klagenemnda, det vil si før det er besluttet at det skal reises sak om annulling, utestenging o.l. På dette tidspunktet har ikke studenten rett til å kreve utgifter til advokatbistand dekket av institusjonen»

Det er som ein følgje av dette studentombodet si klare oppfatning at retten til å få dekka advokatkostnadar i denne typen saker ikkje er tilstrekkeleg teken vare på og at det slik må gjerast ei endring som sikrar studentane fri rettshjelp til rett tid.

### *Tidsfristar*

Forvaltningslova § 11 a. slår fast at NHH skal «forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold». I dette ligg det eit krav om at sakene som kjem inn skal vera ferdig handsama snarast mogleg.

I 2017 har studentombodet hatt saker der NHH har brukt uhøveleg lang tid på å gjera vedtak. Studentombodet ynskjer å understreka dei store konsekvensane dette får for studentane, då lang sakshandsamingstid kan gjera at vedtaket fyrst er på plass når det er for seint. Typisk vil dette vera tilfelle i saker om tilrettelegging, der lang sakshandsamingstid i realiteten kan føra til at undervisninga er over når tilrettelegginga kjem på plass.

Studentombodet vil òg særskild peika på konsekvensane knytt til lang sakshandsamingstid på sensur. Ordinær sensur skal i følgje uhl. § 3-9 fjerde ledd som hovudregel ligge føre etter tre veker uavhengig av helger og høgtider. Studentombodet har vore i kontakt med studentar som melder frå om at det ofte er avvik mellom når resultata skulle vorte gjort tilgjengelege og når dei faktisk blir det. Studentombodet ynskjer i tilknyting til dette å understreka NHH sitt ansvar for å følgja dei fristane som gjer seg gjeldande etter uhl. og at det må stillast krav til sensorar som ikkje stettar desse.

Sensurfristen på tre veker etter uhl. § 3-9 fjerde ledd gjeld i utgangspunktet berre for ordinær sensur. Det er slik den allmenne regelen i fvl. § 11 a. om svar «uten ugrunnet opphold» som gjer seg gjeldande for klagesensur. Ferieavvikling kjem ofte i større grad i konflikt med sensurering av klagekommisjonar enn under ordinær sensur. Når ein trekkjer frå ordinær ferieavvikling tilseier dei beste grunnar at fristen på tre veker må vera rådgjevande for sakshandsamingstida som må vera rimeleg å forventa «uten ugrunnet opphold».

I 2017 har det òg kome saker der NHH ikkje følgjer fristar ein sjølv har sett. I eitt tilfelle hadde NHH ikkje publisert lista for godkjende fag for ein gitt masterprofil rettidig, noko som gjorde at studenten ikkje fekk utnytta tida som var sett av til å studera fullt ut, då det ikkje var sikkert at kursa var godkjende.

I to andre tilfelle var det kurs som hadde 100 % obligatorisk oppmøte der fyrste samling var før fristen for å mælda seg opp var ute. I desse to sakene var det ikkje i kursskildringa vist til at det ville vera samlingar før fristen for å mælda seg opp gjekk ut. Det er problematisk når dei generelle fristane i praksis vert sett til side, då hovudregelen slik kan vera villeiande. Samstundes er det klart at det i ein del tilfelle kan vera naudsynt med obligatoriske krav og at desse tek til å gjelda tidleg i semesteret for å sikra den progresjonen som er naudsynt. I slike tilfelle må krava vera tilstrekkeleg synleggjorde i kursskildringa slik at studentane til rett tid vert merksame på kva føringar som gjeld for kurset. Det er difor avgjerande at kursansvarlege vert verksame på ansvaret dei har under utforming av kursskildringa.

### *Grunngjeving av vedtak*

Forvaltningslova § 24 er klar på at «[e]nkeltvedtak skal grunngis». Dette må sjåast saman med eit ulovfesta forholdsmessigprinsipp som tilseier at dess meir inngripande vedtaket er, dess meir grundig må sakshandsaminga og grunngjevinga òg vera.

Studentombodet har sett ei tydeleg forbetring i korleis vedtaka på NHH blir gjort og grunngjevne. Det har likevel i fleire saker frå 2017 kome døme på knappe grunngjevingar og at det ikkje vert opplyst om klagemoglegheit og -frist.

Som eit utgangspunkt er eit vedtak tilstrekkeleg grunngjeve når det er utforma på ein slik måte at den det rettar seg mot er i stand til å setja seg inn i kva som er veklagt i vedtaket og på grunnlag av dette kan vurdera mogleheita og grunnlaget for å klaga. Eit døme på manglande grunngjeving frå 2017 knyter seg til ein søknad om intern overgang til master med hengjefag. Dette er ei skjønnsvurdering, noko som i utgangspunktet stiller strengare krav til grunngjeving. Studenten fekk avslag på søknaden og i grunngjevinga vart det vist til tre forskrifter og at «[v]i kan ikke se at du tilfredsstiller kravene for opphold/overgang, jf. paragrafene over. Din søknad om opphold/overgang til masterstudiet våren 2018 kan dermed dessverre ikke innvilges».

Ei slik grunngjeving set ikkje studenten i stand til å kunne ta stilling til om skjønnsvurderingane som er gjort har skjedd på vilkårleg grunnlag eller ikkje. Sett opp mot det skjønnsmessige vurderingstemaet for denne typen saker og kor inngripande eit avslag er for studenten, synast det klart at grunngjevinga ikkje var tilstrekkeleg.

Studentombodet ynskjer samstundes å peika på at dei same føringane gjeld for grunngjevinga av karaktervedtak. Studentombodet har i fleire saker sett at studentar som har kravd grunngjeving for karaktergjevinga har fått som einaste tilbakemelding kva karakter ulike deloppgåver er vurdert til utan at det blir gått inn på kva konkret som har gitt trekk. Dette set openbart ikkje studentane i stand til å vurdera om sensurvedtaket har vore vilkårleg og er slik etter studentombodet si vurdering eit brot på grunngjevingsplikta etter fvl. § 24.

### *Gjenbruk av eksamensoppgåver*

Studentombodet fekk i samband med eksamensperioden haust 2017 ei melding frå student som peika på at det skal vera praksis hjå ein del kursansvarlege å bruka oppatt eksamensoppgåver frå andre liknande eller tidlegare kurs ved NHH og kurs dei held på andre institusjonar.

Studentombodet har ikkje hatt moglegheit til å kontrollera påstandane, men ynskjer på generelt grunnlag å peika på kravet i uhl. § 3-9 fyrste ledd om at det er NHH sitt ansvar i sikra at «kandidatenes kunnskaper og ferdigheter blir prøvet og vurdert på en upartisk og faglig betryggende måte».

I dette ligg det ei plikt til å sørgra for at studentane vert prøvde på like vilkår. Gjenbruk av oppgåver frå andre kurs kan gje dei som har tilgang til desse ein fordel som gjer at eksamen ikkje oppfyller krava til upartisk og fagleg tryggjande vurdering og prøving. Vidare vil det kunne få uheldige konsekvensar i form av at studentar melder seg opp til fag dei ikkje tek sikte på å gjennomføra utelukkande for å få tilgang til denne typen materiale.

### *Rehabilitering*

Studentombodet er i dag organisert under seksjon for økonomi og er fysisk plassert på cellekontor i ein lukka fløy i Servicebygget. Med tanke på mengda sensitiv informasjon som studentombod får tilgang på og skal setja seg inn i, i tillegg til at studentar som søker råd og rettleiing frå studentombodet ofte ynskjer diskresjon, er dette ei ideell plassering.

I samband med den varsle rehabiliteringa av gamal bygningsmasse er seksjonen studentombodet høyrer til føreslege flytta frå cellekontor til ei aktivitetsbasert sone. Dette vil i praksis innebera at studentombodet skal sitja i landskap. Studentombodet kan vanskeleg sjå korleis det skal vera mogleg å oppretthalda den strenge teieplikta som ligg til stillinga når ein er plassert i ei aktivitetsbasert sone. Studentombodet får mykje konfidensiell informasjon elektronisk som vil måtte bli synleg for andre i landskapet. Alt studentombodet gjer er under lovpålagd teieplikt etter forvaltningslova § 13 og ingen utanforståande skal ha innsyn i dokument, identitet etc. Med utanforståande meinast òg personar internt som ikkje skal ha tilgang til denne typen informasjon, noko som i praksis betyr alle andre tilsette på NHH.

Slik studentombodet ser det vil det ikkje vera mogleg å sikra at informasjonen blir halden konfidensiell i eit landskap med 12-14 andre, noko som i praksis vil innebera eit brot på teieplikta etter forvaltningslova § 13.

Viss planane vert ein realitet vil flyttinga innebera at studentombodet blir sitjande i landskap med mellom anna sekretæren for klagenemnda, noko som vil vera problematisk då mange av sakene studentombodet jobbar med kjem eller kan koma til handsaming i klagenemnda. Prosjektgruppa er varsle om denne problematikken, men har ikkje teke det til følgje.